Livskvalitet og trivsel.

a) Kva fungerer godt i dag?

a) Gr 1.
Gr.2.

b) Kva kan gjerast for å betre trivsel gjennom heile livet?
Gr.1.
- Transportteneste gjennom heile bygda for å kome på butikken, gjere ærend osv.

Gr 2. Svarte ikkje

Helse og omsorg

a) Korleis opplever du tilgangen og kvaliteten til helse og omsorgstenester i dag?
Gr 1:
- Gode helsetenester.
- God tilgang til hjelpemidler.
- Fulle fastlegelister. Vanskeleg for tilflyttarar å få fastlege.

Gruppe2: Svarte ikkje

b) Kva må til for at folk kan leve trygge, sjølvstendige og aktive liv så lenge som mogleg?
Gr 1:
- Transportordninger
- Be folk på kaffe
- Bevare god ambulansedekning

Gr 2: Svarte ikkje

Bustader

a) Kva meiner du om utvalet av bustader i Skjåk for ulike livsfasar og behov?
Gr 1:
- Lite bustadar tilsals
- Positivt at det blir bygd fleire mindre sentrumsnære bustadar.
- Kva med å bygge hyblar og leligheiter samla for ulike livsfasar?

Gr 2:

- For få bustadar.
- For lite 3 roms til sal og leige.

b) Korleis kan bustadområde, sentrum og offentlege møteplassar bli meir tilgjengelege og triveleg for alle?
   Gr1:
   - Bustadtun med blanda aldersgrupper. Fellesanlegg til fellesbruk og mindre private einingar.

   Gr 2:
   - Pubmiljø!

Fellesskap, aktivitetar og frivilligheit

a) Korleis opplever du møteplassane og aktivitetstilboda vi har i Skjåk i dag?
   Gr 1: Svært godt aktivitetstilbod, dugnad, sosiale møteplassar i grendene er positivt. (Gjeilosstrånde)
   - Viktig å stille opp og vere med på det som blir arrangert.

   Gr 2: SUPERBRA!!!

b) Kva kan vi saman gjere for å styrke fellesskap og motverke utanforskap?
   Gr1: Invitere grannen på kaffe, er ein god start.
   Gr 2:
   - Sjå kvarandre
   - Kome på besøk utan å gje beskjed
   - Mindre skjermtid!
   - Ta imot nye med eit smil og ta ein prat.

Arbeid og kompetanse

a) Kva er viktig for å tiltrekkje, utvikle og behalde arbeidskraft i Skjåk?
   Gr 1:
   - Jordbruket er vanskeleg å få til mange arbeidsplassar i. Store krav til kompetanse, HMS og dokumentasjon.
   - God kultur på arbeidsplassen er viktig for å behalde arbeidstakarar.
   - Viktig å ha det triveleg på jobb.
   - Sette pris på kvarandre. Respektere kvarandre.
   - Alle er like mykje verdt.

- Gjere stillinger meir kjent. Mykje går via kjennskap, så dei er ikkje tilgjengeleg å søkje på for alle.

Gr 2:

- Rimeleg energi
- Industritomter/ næringstomter
- Garantert barnehageplass.
- Bustadutvikling og støtte
- Lys i alle glas. Få liv på kvar ein gard.
- Viktig med kulturliv og liv slik at det blir paring!

b) Korleis kan fleire få tilgang til arbeid og nytte kompetansen sin?
Gr 1: Det må vere stor variasjon i type arbeid og mengde arbeid.
Gr 2: Få ungdom som har hamna utanfor inn på arbeidstrening. Tett kontakt med NAV.
Styrke næringsnettverk og kjennskap til kvarandre.

Skjåk-sjela

a) Kva kulturminne, verdiar, tradisjonar og særpreg ved Skjåk bør vi ta vare på og føre vidare til komande generasjonar?
Gr1:

- Skjåk Almenning, særpreg, unik i landssamanheng.
- Skjåkveka i skulen er svrt positivt!!
- Tradisjonell dans/ musikk/ song/ mattradisjonar

Gr2:

- Countryfestival
- Folkemusikk
- Dialekt
- Mattradisjon- bakst- spekemat
- Handtverk
- Byggetradisjon
- Skjåk Mølle
- Vatningsanlegg
- Landbruk
- Heimbrent!!

Prioriteringar

a) Kva er dei viktigaste sakene kommunen bør prioritere dei neste fire åra?

Gr 1:

1. Utvikling av Skjåkheimen. Plass tilpassa omsorgsbehov. Aldergruppa født i 1940-1950 er mange!
2. Beredskap. Sikre tilgang til tenester for innbyggjarar ved bortfall av telefon/ nett. Isolert ved ras og stengte tunellar.
3. Viltforvaltning. Avlingstap fleire stader i kommunen som gjev store konsekvensar for gardbrukarar.

Gruppe 2:

1. Barnehage- Skule
2. Pleie og omsorgstenester.
3. Samferdsel, gang og sykkelveg.

b) Kva bør kommunen bruke mindre ressursar på?

Gr1: Kommunalt ansatt i kommunen. Administrasjonen er stor nok.

Gr 2: Redusere administrative oppgåver. Bytte ut med KI.

Mindre skjermtid!!

c) Dersom du kunne innføre eitt nytt tiltak i Skjåk, kva ville du valt?

Gr 1: Legge til rette for arbeidstrening/ prøvearbeid for ungdom/ tilflyttere.

Gr 2: Produsere meir kraft- atomkraft vannkraft, mindre verning. Meir sjølvråderett kommunalt. Naturforvaltning.